

HYRDINGEN

NR. 4

September 2019

ÅRGANG 61

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Gudsteneste i løa på Romsa
Sjå side 3



Kandidatar til sokneråda - sjå side 4

Kyrkja treng gode leiarar - kven vil du gje di stemme?

Presten har ordet	2	Vikestølsmøtet - 119. gong	5	Gudstenester	10
Informasjonsblad til alle	2	Smånytt	5	Frå kyrkjeboka	10
Redaksjonspennen	3	Portrettet: Kari Synnøve Haugen	6	Møte og arrangement	8 og 11
Gudsteneste på Romsa	3	Mykje å gleda seg til i haust!	7	Ungdomsalpha!	12
Vallister til soknerådsvala	4	Fellesrådet sin vedlikehaldsplan	8	Nytt Alpha-kurs i Ølen/Vågen	12



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og
VIPPS nr 53 14 72
Adr. Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Layout/trykk:

Kai Hansen Trykkeri Haugalandet AS

SOKNEPRESTANE:

Mandag er prestane sin fridag

Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhaug
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529
kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Skjold

Kristian Kyllingstad, Skjold kyrkje,
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Mobil: 905 23 560
kristian.kyllingstad@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Vikedal

Tsegayesus Hurisa Hunde
Vikedal kyrkje kontor
Kyrkjevegen 11, P.box 40, 5586 Vikedal
Tlf. 970 38 011
tsegayesus.hurisa.hunde@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Torsdag 9 - 15

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Prost Rune Steensnæs Engedal
Mobil 918 34 019

Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93
inghamart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd:
Brit Nelly Ness Tveit
Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes
Sandeid: Tore Tokheim
Vikedal: Andreas Andreassen
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vats: Grete Skeie Sørhus

Presten har ordet

Av: Kari Vik Stuhaug, sokneprest i Ølen.



Kven er folket i folkekyrkja?

Eg er stolt over å vera prest i folkekyrkja. Der møter eg støtt og stadig menneske som ønskjer å ha kyrkja som ein del av livet sitt. Nokre er veldig tydelege på at dei også har Gud som ein del av livet sitt. Andre er meir undrande eller tvilande, eller dei finn ikkje nett orda for å skildra kva dei eigentleg tenkjer eller trur. Likevel, noko gjer at dei søker til kyrkja. Ved dei store livshendingane, med borna som får invitasjon til skattejakt eller for å få fireårsbok. Konfirmantane som gong etter gong stiller til undervisning og til gudstenester. Så kan det vera ei stund til dei kjem att. Livet rullar i sin vante kvardag, og der er det ikkje alltid at kyrkja har ein fast plass.

Så slår det meg likevel gong etter gong at for mange har trua likevel ein fast plass. Heldigvis er trua først og fremst eit personleg forhold mellom den einskilde og Gud. Og den lever både her og der, uavhengig av om folk går i kyrkja eller bedehuset.

Forfattar Gary Chapman meiner at kjærleiken i parforhold har ulike språk. For at kommunikasjonen skal bli god kan det vera lurt å bli merksam på kva som er det primære språket den eine og den andre har for å visa kjærleik. Eg trur det er nyttig å tenka på det også i våre kristne samanhengar. Kyrkja har lenge vore god på ord, men eit anna kjærleiksspråk er å gjera tenester for andre.

Når nokon har fysisk kontakt som sitt kjærleiksspråk tenker eg at kyrkja må ta på alvor at mennesket er kropp, og for mange er det lettare å bruka kroppen for å uttrykke trua, enn å finna fine formuleringar.

Så speglar kanskje dei ulike formene me skaper og finn oss til rette i på bedehus og i kyrkja, at me som menneske er ulike. Det mangfaldet trur eg gler Gud. Og som prest ønskjer eg eit breidt mangfald av former og uttrykk, som kan gjera at forskjellige barn, unge og vaksne kan finna seg til rette.

Mange er opptatt av fellesskapet, vera uformell, helsa på naboen. Det er ikkje så ofte gudstenesta gir rom for det. Bortsett frå når me har kyrkje-kaffi. Solveig G. Sandelson spurte i Stavanger Aftenblad i vår (26. april): Kven er folket i folkekyrkja? Og i diskusjonen om å kjenna seg heime i kyrkja skriv ho: «Men det kunne vera fint å kjenna seg trygg på at her får du lov til å koma i fred også. Vera i fred. Sitja der, med sterk tvil og lita tru... og gå igjen. Utan å handhelsa på prest og nabo.» Og ho held fram: «Men nokon må bera også. Nokon må halda rommet levande. Også for at dei som vil koma og gå i fred skal finna det kyrkjerommet og den trua dei kom for å møta.»

Kan det vera ei utfordring til deg - å bidra til å halda kyrkja levande?

Informasjonsblad til alle husstandar

Av redaksjonen

Kyrkjebladet Hyrdingen er sokneråda sitt informasjonsblad. Her vil vi informera om aktiviteten som skjer i kyrkjer, trusopplæring, barne- og ungdomsarbeid, men også om aktiviteten i bedehusa våre og på leirstadane. Tilbod vi inviterer deg og din familie

til å delta i også. Bladet går ut til alle husstandane i Vindafjord.

Kyrkjebladet finansierer vi med bladpengar, støtteannonsar og litt gaver. Vi vonar at fleire i kommunen kan hjelpa oss til å gje ut Hyrdingen. Har du lyst og høve til å bidra med eit lite støttebeløp, så kan du nytta bankgiro: 3240.11.17937 eller VIPPS: 53 14 72.

Redaksjons- PENNEN



Av Steinar Skartland

Det er val-tid. 70 kandidatar stiller til val for dei 6 sokneråda i Vindafjord, men berre 7 av 40 som er faste medlemmer i dag, stiller på ny. Har vi ei tillitsvalt krise? Er det blitt for krevjande å sitja fire år i soknerådet utan godt-gjersle, med ansvar for våre 8 kyrkjer, på fritida? Eller ynskjer aktive kyrkje-medlemmer heller å ta del i arbeidet på golvet enn å sitja i eit styrande organ? Sjølv om mange er nye, så er vi takksame for alle dei som nå stiller og rettar takk til dei som trer av etter ein eller fleire periodar. Det du har vore med på er viktig for kyrkja.

Sokneråda har eit rådsansvar for m.a. trusopplæring, diakoni, gudstesteliv, kyrkjemusikk og konsertar, høyringar, invitasjon og informasjon. Oppgåver skal stimulerast, organisere og leggjast til rette saman med prest og tilsette. Oppgåver som medliturg og kyrkjetenar på dugnad. Det handlar om livet i kyrkjelyden, men også om eigedomane, gravplassane, kyrkjebygga og dei tilsette der ein samarbeider gjennom Fellesrådet og kyrkjeverja. Krava er aukande og ressursane vert reduserte med eit press for å redusera talet på gudstener.

Du som er medlem av D.n.kyrkja: Nå er det di oppgåve å stilla opp på valdagen. Visa at du bryr deg om kyrkja, dei som driv arbeid der, og dei som set i leiinga, i sokneråda. Tenk gjennom kven du helst vil skal veljast inn og prioriter desse på røystesetelen. Dei blir dine tillitsvalde i din kyrkjelyd, i fire år. Mest av alt treng dei til ros og støtte i oppgåva, og at du også er villig til å hjelpa til med dei mange oppgåvene som skal løysast i det kyrkjelege arbeidet.

Vi har 8 flotte kyrkjebygg i kommunen. La dei ikkje stå tomme. Ta turen til kyrkja når klokkene kallar inn til gudstene i di bygd!

Kyrkjevalet 2019



Musikk av Nils Johan Aksdal, Lena og Jan Husebø

Gudstenste på Romsa

Av Kari Vik Stuhaug

Det var ein god gjeng på meir enn 40 menneske som trassa dårlege vermeldingar og drog i små og større båtar til Romsa-gudstenesta søndag 11. august. Riktig triveleg blei det i Haukelands-løa. Der Lena og Jan Husebø og Nils Johan Aksdal spelte og gudstenesta blei gjennomført med stemningsfulle lys på borda. Etterpå åt me maten me hadde med, til minikonsert frå musikarane, og Terje Lunde fortalde om Romsaøyane. Ølen/Bjoa sokneråd rettar ein hjarteleg takk til Båtlaget og Kystlaget Romsa, og andre medverkande!



Terje Lunde



Båtttransport til gudstenesta



Leiar i Ølen Båtlag, Tore Haaland, og Berit Irene Rotvoll Haaland skyssa presten. Tore var tekstlesar og hadde med ei skipsklokke i messing som han ringde inn til gudstenesta med.

Vallister til soknerådsvale i Vindafjord

9. september

Ølen og Bjoa

1. HANNE JORUNN AASEN RISØY, f. 1967
2. DAG OLAV BERGE, f. 1991
3. KNUT ARVE OMDAL, f. 1957
4. HARALD HELBERG, f. 1991
5. EVA EINARSDATTER MØLLERHAUG, f. 1951
6. ANDERS LUNDE, f. 1972
7. HÅVARD LOTHE, f. 1968
8. GEIR TOFTE, f. 1971
9. ANNE MARGRETHE EIDHAMMER, f. 1948
10. INGRID HEGGEN, f. 1960
11. MAGNUS RYDLAND, f. 1964
12. SIGNE-BRITT VIK, f. 1957
13. RUTH CECILIE KVAME ØKLAND, f. 1976.

Det skal veljast 8 medlemmer og 5 varamedlemmer.

Vats

1. ELISABETH STOPLE GREGERSEN, f. 1980
2. STEINAR SØRHHUS, f. 1953
3. KARIN ANNELIESE MESECKE KOLTVEIT, f. 1942
4. OLE EIVIND EIKANES, f. 1964
5. MARIANNE BAKKEVOLD VASSNES, f. 1985
6. JAN OVE GJIL, f. 1974
7. AUD BENTE ØVERNES HJORTELAND, f. 1968
8. BJØRGHILD LUNDE, f. 1985
9. INGEBJØRG BERGLJOT GRINDHEIM, f. 1951
10. RANDI THERESE LUNDEGAARD EIKJELAND, f. 1982

Det skal veljast 6 medlemmer og 5 varamedlemmer.

Vikebygd

1. DAGFRID NAGEL-ALNE, f. 1965
2. INGEBJØRG SUSORT VELDE, f. 1980
3. ARNE TVEIT, f. 1962
4. INGRID MATHILDE SØRVÅG, f. 1959

Det skal veljast 3 medlemmer og 5 varamedlemmer til felles sokneråd Skjold og Vikebygd

Skjold

1. ØYVIND JAKOB HARALDSEID, f. 1955
2. TOMINE TEISTEDAL HARALDSEID, f. 1995
3. GUNNAR LISTOG, f. 1948
4. SUNNIVA TVEIT GREGERSEN, f. 1991
5. KÅRE DANIEL BREIVIK, f. 1958
6. MARGUNN LYGRE STRØMME, f. 1987

Det skal veljast 5 medlemmer og 5 varamedlemmer til felles sokneråd Skjold og Vikebygd.

Sandeid

1. TORE TOKHEIM, f. 1961
2. RAGNALD STOPLE, f. 1964
3. ELISABET MATTINGS DAL, f. 1990
4. HILDE HUSTVEIT, f. 1981
5. MAGNE ØKLAND, f. 1950
6. TORSTEIN STUHAUG, f. 1996
7. KIRSTEN MARIE TYSSE, f. 1955
8. KRISTINE KNUSEN SOLBERG, f. 1981
9. SONJA HUNDSEID LÆRDAL, f. 1971
10. LILLIAN VORMESTRAND, f. 1964
11. OLAV LILLEHAMMER, f. 1951
12. JOHAN GEORG VESTBØ, f. 1940
13. ØYSTEIN HELGELAND, f. 1953
14. INGER SYNNOVE BAKKEVOLD KNUSEN, f. 1954
15. ANNBjørG FALKEID, f. 1968
16. ANN KRISTIN AKSLAND FURSETH, f. 1983
17. INGUNN KARIN GRØNSTAD LÆRDAL, f. 1964
18. HILDE ØYVOR OPSTVEDT LARSEN, f. 1961
19. GERD SYNNOVE STEINNES, f. 1955
20. KJELL RØDNE, f. 1960
21. KJELL OVE LEITE, f. 1964

Det skal veljast 6 medlemmer og 5 varamedlemmer.

Imsland

1. MARITA KVITNO STAURLAND, f. 1978
2. JOLAUG SÆLE KALDHEIM, f. 1962
3. LIV HOFF IMSLAND, f. 1949
4. STEINAR ÅSHEIM, f. 1965
5. ANETTE KLUNGTVEIT, f. 1990
6. ÅSE VIGDIS RØNNEVIK, f. 1973
7. LARS BERGE RØNNEVIK, f. 1966

Det skal veljast 6 medlemmer og 5 varamedlemmer.

Vikedal

1. ANDREAS ANDREASSEN, f. 1965
2. MARIT SÆRSTEN, f. 1959
3. OLE SIGVE LEIFSEN, f. 1960
4. TINE KARIN ÅRVIK, f. 1967
5. JOSTEIN M. TORSTENBØ, f. 1961
6. ANNE GRO MAGNUS, f. 1971
7. BJØRGHILD VETRHHUS, f. 1969
8. ASTRID NES, f. 1956
9. TORDIS SØVERINE BAKKEDAL, f. 1953

Det skal veljast 6 medlemmer og 5 varamedlemmer.

Info om soknerådsvale i Vindafjord 9. september

Vallistene og korleis du røystar

Du kan levera stemmesetelen utan endringar. Alle kandidatane på stemmesetelen får då ei stemme kvar.

Vil du endra på stemmesetelen kan du:

- Gje tilleggsstemme til kandidatar på lista
Du kan gje ei tilleggsstemme til inntil tre kandidatar. Det gjer du ved å setje eit merke i ruta til venstre for namnet til kandidaten. Kandidaten får då to stemmer.

- Gje personstemme til andre valbare personar i soknet (inntil 3)

Du kan gje personstemme til inntil tre andre valbare personar i soknet. Det gjer du ved å føra opp personnamnet på stemmesetelen. Bruk store bokstavar. Personen får då ei stemme.

Andre endringar vil ikkje telja med i valoppgjeret. Det er ikkje høve til å stryka kandidatar. Bruk blå/svart penn. Skriv tydeleg. Brett stemmesetelen med teksten inn, så ingen kan sjå kva du har stemt.



Harald Eintveit tala over søndagsteksten.

Vikestølsmøtet - 119. gong

Av Steinar Skartland

Gjennom snart 120 år har folk frå bygdene i Vindafjord kome saman til sommarstemne og kristne møte på Vikestølen. Tidleg på 1900 talet var her stølsdrift for gardar i Vikebygd. Den tida er over, men idrettslaga i Bjoa og Vikebygd fekk i 1969 flytta opp hit eit gammalt skulehus frå Bjoa som er omgjort til hytte. Staden er for mange eit turmål på gode skogsveggar frå Eikås og Vikevik.

Så var dei atter samla på stølen, for 119. gong. Folket frå bygdene Vikebygd, Bjoa, Vats, Skjold og Ølen starta desse møtene i år 1900. Søndag 7. juli 2019 var 45 samla til stemnemøte på Vikestølen. Det rigna om

morgonen, men det stansa ikkje folk frå å ta ut på stiane og skogsvegane opp i Vikefjella. Harald Eintveit (tidlegare sokneprest i Vikedal) var hovudtalar og hadde ein klår og god bodskap i talen sin over søndagsteksten frå Matteus kap. 9, versa 35-38 (Grøda er stor, men arbeidsfolka er få. Be då han som er herre over grøda, at han må senda ut arbeidsfolk til å hausta inn grøda si.)

Det var to møte eit klokka 12 og eit klokka 14. Heile 45 deltok og sessa seg inne i hytta, nokre ute i gangen. Presten, Harald Eintveit, tala i det første møtet, der det også var tre songar av Silje Koltveit, som ho sjølv spela piano til. Men også mykje god allsang til flott trekkspelmusikk ved Hans Asbjørn Aasbø og litt gitarspel til ved Steinar Skartland.



Silje Koltveit deltok med fleire songar

Møtet vart leia av Endre Stople. Ved starten av møtet song møtelyden ein ny song om Vikestølen, dikta av Jørgen Johannes Landa, medan Olav Granberg heiste flagget oppe ved minnestøtta. I det andre møtet var det Steinar Skartland som hadde opningsandakt. Her vart mykje song og fleire fekk dela ord frå bibelen, helsingar og songar.

Smånytt

Dei gamle forteljingane

Per Hjemdal som er prest i Etne vil ta tilhøyrarane med på ei levande skildring av bibelen på langs to kveldar i september, «Bibelreisen». Han fortel både frå det gamle og det nye testamentet, og du vil ha utbytte også om du berre har høve til å delta på den eine. Torsdag 12. og onsdag 18. september kl. 19 er alle velkomne til Kyrkjetunet i Ølen. Møta er eit samarbeid mellom Soknerådet, Kyrkjetunet og Vågen bedehus.

Vågen bedehus

Vågen bedehusforsamling overtar frå denne hausten ansvaret for dei fleste møta på Vågen bedehus. Dei tar også

over ansvaret for å administrere kalenderen for huset, fortel Torleiv Årskjold. I vedtektene står: «Forsamlinga står tilslutta Indremisjonsforbundet (ImF) og Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) og er dermed forplikta på Bibelen og vedkjenningskriftene til den evangelisk lutherske kyrkja.» Stiftingsmøtet vart halde 1. mai 2019.

Fellesrådet med stort underskot

Av redaktøren

Fellesrådet sin rekneskap blir ført av kommunen. Revisor kunne ikkje godkjenna at tilskott frå Vindafjord kommune til oppgradering av kyrkjer og

kyrkjegardar, vart nytta til tiltak som fell i kategorien vedlikehald, trass i at dette tidlegare er godkjent gjennom fleire år. Dermed måtte utførte tiltak i 2018 på om lag ½ million takast av Fellesrådet sine driftsmidlar for kyrkjene og rekneskapen for 2018 vart gjort opp med eit totalt underskotet på nær i mill. i 2018. Ein konsekvens er at fellesrådet valde å utsetja oppstart av planlagde prosjekt i 2019 fram til finansiering er avklara. Fellesrådet må nå gå gjennom alle planlagde tiltak på ny og skilja tydelegare mellom vedlikehald og oppgradering.

Ny styreleiar

Kårhus Bedehus, Tove Ohm har frå 5. august overtatt som styreleiar etter Peder Stokland.

Portrettet: Kari Synnøve Haugen

Av Trygve Sandvik

Kristen barne- og ungdomsarbeidar med stor interesse for song og musikk og med eit brennande hjarta for dei som ikkje fell inn i dei vanlege systema i samfunnet. Ja, slik kan ein kort karakterisera Kari Synnøve Vælde Haugen. Men, kven er denne smilande dama som viser så stort engasjement?

Hyrdingen har teke seg ein tur innom Haugen gard for å få eit intervju med Kari Synnøve.

Song- og musikkinteressert frå tidlege barneår

Ho er fødd i Øvre Vats i 1972. Grunnopplæringa si fekk ho på Øvre Vats skule, og ho vaks opp ikkje langt frå skulen, ved Landavatnet saman med mor, far og tre yngre sysken (syster og to brør). Med hus på heimegarden til faren, og onklar, tanter, søkskenbarn og besteforeldre like i nærleiken, var det ein trygg og god barndom. Farfar hennar, Johan Vælde, song tenorstemme i kor (heilt til han var 90 år), og han trong nokon til å spela stemma si før korøvingane. Kari Synnøve var ikkje gamal då ho fekk denne oppgåva. Denne øvinga saman med farfaren gjorde at ho fekk god innføring i og forståing for korstemmer, noko som skulle visa seg å vera til stor nytte seinare i yrkesval og interesse.

Musikkinteressa til Kari Synnøve var stor og ho byrja tidleg å spele piano. Ho gjekk på pianoundervisning i kulturskulen, og frå ho var 10 år gamal spela ho piano i barnekoret der mora var dirigent.

Barne- og ungdomsengasjement

Kari Synnøve kom med i Ten-in på Kårhus bedehus så snart ho var i tenåringsalderen. Her fekk ungdommane mellom anna god opplæring i leiaroppgåver og det å ta ansvar. Ho kan ikkje rosa vaksenleiaren, Kari Austerheim Silde, nok for det arbeidet ho gjorde for å læra, motivera og engasjera dei unge i leiaroppgåver. Kari Synnøve fortel at ho lærde mykje av dette, noko som kom godt til nytte seinare i livet gjennom arbeidet med barn og ungdom. Kombinert med song- og musikkinteressa hen-



Kari Synnøve Haugen

nar var nok dette medverkande til at ho var med og starta ungdomskoret Feedback I si tid.

I 1987 starta dei eit ungdomskor i Vats. Det var tilsvarande kor både i Skjold og Ølen, men alle hadde det felles at dei sleit med å skaffa folk til å spela dei ulike instrumenta. Difor kom tanken opp om å få til eit felles ungdomskor for desse bygdene. Dette vart ein stor suksess med øvingar på Øvre Vats skule, og etter kvart utvikla koret, som fekk namnet Feedback, seg frå å vera eit ungdomskor til å verta ein ungdomsklubb med mange aktivitetar og etterkvart eige lokale i Ølen. Kari Synnøve var svært aktiv i dette arbeidet.

Yrkesval og utdanning

Det var ikkje så vanskeleg for Kari Synnøve å velja utdanningsretning. Musikklinja på Skeisvang vidaregåande skule var første steg. Dette var eit krevjande opplegg med undervisning/øving både i og utanom vanleg skuletid.

Etter avslutta vidaregåande utdanning gjekk turen til Stord lærarhøgskule. Det var lærar Kari Synnøve såg for seg som framtidig yrke, men i slutten av 1. skuleåret kjende ho seg lite motivert til å fortsetja. Pedagogikken var så teoretisk, og ho kjende det lite meningsfullt å fortsetja. Men så dukka det opp eit tilbod utanom skulen.

Gjennom tida som kristenruss på den vidaregåande skulen i Haugesund hadde Kari Synnøve kome i kontakt med ein misjonær i India, Anne Margrete Eidesvik frå Bømlo, og ho gav uttrykk for at det hadde vore veldig gildt om Kari Synnøve kunne tenkja seg å koma ein tur til India og læra borna noko om musikk. Kari Synnøve tende på denne ideen, søkte om permisjon frå lærarskulen i eit år og reiste åleine til India. Her vart ho verande i 3 månader, og det var store utfordringar og mange nye erfaringar. Dei indiske borna kunne ikkje engelsk, og ho måtte læra seg litt av språket deira, Bengali, slik at ho kunne kommunisera med dei. Men det gjekk bra, og ho fekk eit anna perspektiv på livet enn tidlegare.

Det neste halvåret var Kari Synnøve lærarvikar på Skjold skule, og då ho kom attende til lærarskulen, hadde ho ei heilt anna motivering til å fortsetja enn då ho søkte om permisjon.

Ei travel dame

Som nyutdanna lærar kom Kari Synnøve til Ølen skule i 1996. Då hadde ho alt gifta seg, og flytta til Skjold. Det første barnet kom før ho var ferdig med lærarskulen, og det vart pendling mellom Skjold og Stord det siste skuleåret. Ei travel tid, men ho kom seg i mål.

Mannen hennar, Jan Idar Haugen, var odelsgut på Haugen gard i Austreimsbygda, og dei overtok garden i 1993. Ekteparet såg tidleg at dei kunne satsa på garden, og dei har utvida på mange område. Mellom anna har dei bygd både våningshus og robotfjøs. Som lærar såg Kari Synnøve snart at berre teoretisk opplæring i skulen passa dårleg for alle elevane. For einskilde elevar var det trong for eit praktisk opplegg for å stimulera interessa for skulen. Her kunne Haugen gard koma inn med eit tilbod for dei elevane som ikkje heilt fann seg til rette i den teoretiske skulen. For Kari Synnøve var dette midt i blinken. Her kunne ho, saman med mannen sin, bruka interessene sine for å ta seg av dei som var skuletrøytte, lite motiverte og som ønskte ei avveksling i skuleopplegget. I 2004 gjekk Kari Synnøve inn som

lærer på gardskulen på Haugen gard, og fram til no er det langt over 100 elevar som har vore innom dette opplegget, som går ut på ein eller to dagar i veka med praktisk tilnærming til skulefaga.

Med fem born er det som mor ho kjenner størst identitet. Men i tillegg til dei daglege gjeremåla i arbeidssituasjonen, har Kari Synnøve også funne tid til å engasjera seg på andre område. Ho var med og dreiv barnekoret i Skjold i fleire år, og den årvisse julekonserten i Skjold kyrkje er det ho som ofte er dirigent for. I inneverande periode har ho vore med i soknerådet i Skjold, eit år som leiar og dei andre som nestleiar. I styret for bedehuset i Austreimsbygda har ho vore med i 5 – 6 år, siste året som leiar. Ho har også hatt styreverv i Øyane Asvo i mange år.

Kari Synnøve er ikkje vanskeleg å få med seg til dei ulike oppgåvene i bygda. Ho stiller opp, og ho ser behovet. Gjennom song- og musikkinteressa er ho med og fremjar dei kristne verdiane på ulike måtar. Ho har også eit brennande ynskje om å hjelpe dei som fell utanfor dei vanlege systema. Alle er ikkje like, men alle har rett til å utvikla seg og bli teken vare på.


Nye utfordringar

Kari Synnøve finn seg ikkje til rette med at alt skal vera som det er. Ho må koma lenger, prøva noko nytt. I 2019 var ho ferdig med vidareutdanning i tverrfagleg psykososialt arbeid med barn og ungdom på høgskulen Stord-Haugesund (no: høgskulen Vestland). Arbeidet som lærar på Haugen gard har ho den siste tida overlate til ei anna, og ho har arbeidd som lærar på Danielsen ungdomsskule i Haugesund i eit år. I mars byrja ho i 50% stilling på PPT – kontoret for Vindafjord og Etne på rådhuset i Ølen.

Politikk har ho ikkje tid og interesse for. Det må "skje" noko i det Kari Synnøve gjer. Ho er glad for dei fem flotte borna dei har fått, og ho kjenner seg rik. Ho har vore heldig. Når ho ser seg attende, er det kjekt å kunna seia at ho har vore med på det som har skjedd. Og ho ser fram til mange nye utfordringar i åra som kjem.

Intervjuet er komen til vegs ende. Kari Synnøve står på farten til å gå ein tur til Longåsdaalen med ei veninne.

Mykje å gleda seg til i haust!



Av Britt Karstensen

Det er noko spesielt med å få starta opp igjen etter ein ferie. Kjekt å få møta igjen gamle kjende. Spenninge å starte på nye ting.

I det som blir definert som TRUSOPPLÆRING I VINDAFJORD finn me begge deler:

Lag, klubbar og foreiningar, speidar, kor og søndagsskule – kjende og kjære ting som held fram som før. Kanskje noko nyoppstarta i haust? – og nokon nye folk å bli kjende med? Desse tilboda går under kategorien «kontinuerlege tiltak» og er i regi av ulike lag og organisasjonar. Sjå oppslag, Hyrdingen, Facebook, heimesider og plakatar på skulane for meir info – Bli med!

I tillegg inviterer kyrkja også til aldersbestemte «breiddetiltak».

Dei fleste veit nok om konfirmasjon og 4-årsbok, men etter kvart har det også blitt veldig mykje meir. Målet til kyrkja er å gi eit samanhengande og systematisk tilbod der -kristen tru i praksis, -tru og tradisjon i kyrkja, og -livstolking og livsmeistring skal vera med.

Fleire detaljar og påmeldingsinfo om desse tiltaka finn du på heimesida til kyrkja: www.vindafjord.kyrkjer.no

Kort oversikt over «Breiddetiltaka» som er planlagt for hausten – Bli med!

«Babysong»

0-1 år, 10 samlingar
oppstart i veke 36

«Krølletreff»

2 år, 2 samlingar, november

Kveldsbønkonsernt

2-4 år, pysjamas, madrassar og kveldsmat i Vikedal kyrkje

Småbarnssong

(Vikedal/Sandeid/Imsland) 3-4 år,
10 samlingar, nov-jan

«Heime i kyrkja»

4 år, samling og gudsteneste med utdeling av bok, sept-okt

«Mi verd- eg og dyra»

(Skjold/Vats/Vikebygd + Ølen/Bjoa)
3.kl, aug/sept,

«HalloVen», 4.-7.klasse, 31.okt

«Lys Vaken», 5.kl, første helg i advent

Kanskje får me i gong nye ting også i løpet av hausten?

Nokre klubbar og speidargrupper har i tillegg eit tett samarbeid med kyrkja slik at deler av dette kontinuerlege arbeidet også blir definert som breiddetiltak.

- Invitasjonar til breiddetiltak blir sendt i posten til dei minste og delt ut på skulen til dei i skulealder. Det er også lurt å like FB-sida «Trusopp- læring Vindafjord» for å halde seg oppdatert.

- Den årlege inspirasjonssamlinga for alle vaksne som er interesserte i trusopplæring av ulike slag blir i år torsdag 3. oktober på Kyrkjetunet i Ølen. Der blir det også delt ut trusopplæringsprisen 2019 for Vindafjord. Påmelding og meir info på heimesida i løpet av september. Velkomen!



Vats

Bedehusbasar på Kårhus bedehus
torsd. 3. okt. kl. 19.00

Bedehusbasar på Øvre Vats bedehus
torsd. 19. september kl. 18.00

Endeleg Søndag

Kårhus bedehus

- Velkommen til Endeleg Søndag, haustsemesteret 2019, ein søndag i månaden på Kårhus bedehus.
25. aug, 22. sept, 13. okt, 10. nov og 8. des.



Brandøy misjons- og konferansesenter

Leiroversyn for Brandøy i haust:

6.-8. september Kvinnehelg
25.-27. oktober Hausttreff (10. kl+)
22.-24. november Miniadventshelg (2.-5. klasse)
29. november – 1. desember
Ten-helg (8.-10. klasse)
6.-8. desember Adventsleir (5.-7. klasse)

Vats pensjonistlag

OBS-OBS! Møta til Vats pensjonistlag blir på Nesheimstunet.

24.sept. Me får besøk av Torgeir Øverland og Olav Ramsfjell. Dei vil fortelja og visa bilder frå Jøsenfjorden.

29.okt. Besøk av Jone Hatteland. Han vil fortelja og visa bilder frå ein tur til Israel. Mat og kaffi, opplesing, sang. Anny og Kristian kjem med trekkspel. Du òg kjem vel? Møta er frå kl. 17 til 19.30. Alle velkomen.

FamilieKRIK

8. september: Semesterstart på Stemmestaden saman med FamilieKRIK Tysvær.

27. oktober: Samling i Skjold Arena klokka 16.30-18.00

17. november: Samling i Skjold Arena klokka 16.30-18.00

8. desember: Samling i Skjold Arena klokka 16.30-18.00

Skiveekend til Gullingen:
27.-29. mars 2020

Kyrkjjetunet i Ølen

Torsdagstreff

Kl. 11 – 13. Pris kr. 60
5.september
3.oktober
7.november
5.desember

Alle hjarteleg velkomen!

Familiespeiding

Skjold/Vikebygd

1.9.; 6.10; 10.11.; 1.12
For meir informasjon om familiespeiding og om møta, gå inn på www.vikebygdspeidar.no eller sida vår «Familiespeiding Skjold/Vikebygd» på Facebook.

Konsert i Skjold kyrkje

17.10. kl 19:00 med Torsdagsklubben. Bandet har medlemmer frå Skjold, Vats, Vikebygd og Haugesund. Dei spelar til alle slags arrangement, både selskap, dans og gjerne i kyrkja. Sjanger på denne konserten blir frå gospel, via salmar til pop/rock.

Fellesrådet sin vedlikehaldsplan for økonomiperioden 2019-22

Av Leiv Karsten Medhaug, leiar i Fellesrådet

Dei seinare åra har Vindafjord kyrkjelege Fellesråd gjennomført ein oppgraderingsplan for kyrkjene i Vindafjord. Budsjettvedtak i kommunestyret har gjort dette mogleg.

For 2019 var det Bjoa kyrkje sin tur og det vart sett av midlar i kommunebudsjettet. Ved årsavslutninga av rekneskapen for 2018 fekk fellesrådet melding frå kommunerevisor at maling ikkje kunne førast som investering, men måtte bokførast som driftsutgifter. Det førte til at rekneskapen for 2018 fekk eit stort underskot. 435000 kr skuldast malingsarbeid på kyrkjer i 2018. Fellesrådet bad om at tildelte pengar frå kommunestyret kunne omdisponerast frå

investering til drift. Det var ikkje gjort i ei kort vending.

Kravet frå revisjon er at prosjekt skal ha eit oppsett som tydeleg skil mellom investering og vedlikehald. Det er det som må leggast fram for kommunestyret som budsjettforslag og tildelast etter. For 2019 kunne ikkje fellesrådet setja i gong prosjekt med oppgradering av Bjoa kyrkje ut frå vedtekne investeringsmidlar for 2019. Fellesrådet har utsett nødvendig oppgradering til 2020. Prosjektplan vert utarbeidd no i august og lagt fram for kommunestyret i samband med budsjettarbeidet for 2020-23.

Dette var bakgrunnen for oppslaget i Grannar 17. juni. Fellesrådet vil prøva å nytta investeringsmidlar for 2019 til andre investeringsprosjekt



som alt ligg i økonomiplanen. Det må berre understrekast at både Fellesrådet og kommunestyret vedtok oppgraderinga ut frå at «reglane om tildeling» galt som for prosjekta ved dei andre kyrkjene i Vindafjord.



LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Vi tilbyr

- Medieproduksjon
- Service og samferdsel
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på www.lvs.no

Vi er en del av **NLMvgs**

Knapphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knapphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

GRANBERG GARVERI AS

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg
Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no

Euro Florist

Black Design

STELL AV GRAVPLASSER

Kontakt Avdeling Vepro

Tlf 932 16 679/ 52 75 88 60

AOI

Arbeid og Inkludering

Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - [www.olenbetong.no](http://www olenbetong.no)

Ølen auto

tsrevisjon

Autorisert regnskapsførerselskap

www.tsrevisjon.no

Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik

VELKOMMEN TIL

Vindafjord soul children

KL. 12-14.30

07. SEPT.
På Kyrkjetoynet i Ølen

LIKAR DU Å SYNGA? DÅ MÅ DU BLI MED OSS I KOR. SOUL CHILDREN ER FOR ALLE I 5.-10. KLASSE. HÅPAR ME SER DEG.

Følg oss gjerne på 

SpareBank 1 SR-BANK

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Kyrkje/stad	Kl.	Tittel	Informasjon	Preiketekst
01.09	Vats kyrkje	11.00	Gudsteneste	Konfirmantpresentasjon og 50-årskonfirmantar, Takkofter: Kirkens SOS i Norge, Nattverd	Joh 4,27-30.39-43
01.09	Ølen kyrkje	17.00	Gudsteneste	Nattverd, Takkofter: Evangeliesenteret	"
01.09	Vikedal kyrkje	17.00	Familiiegudsteneste	Presentasjon av konfirmantar, utdeling av 6 - års bok, dåp, Takkofter: Konfirmantarbeidet	"
08.09	Imsland kyrkje	11.00	Gudsteneste	Presentasjon av konfirmantar + fest for gullkonfirmantane, dåp, Takkofter: Konfirmantarbeidet	Apg 6,1-7
08.09	Skjold kyrkje	17.00	Gudsteneste	G-17, Nattverd, dåp, Takkofter: Gå ut -senteret	"
15.09	Sandeid kyrkje	11.00	Gudsteneste	Haustattkegudstjeneste og utdeling av 4-årsbok, dåp, Takkofter: Kyrkjelydsarbeidet	Matt 19,27-30
15.09	Vats kyrkje	11.00	Gudsteneste	Haustattkefest og utdeling av 4-årsbok, dåp og nattverd. Bygdekvinnelaget deltar, Takkofter: Sambolabo	"
15.09	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste	Presentasjon av konfirmantar. Takkofter: Kyrkjelydsarbeidet	"
15.09	Bjoa kyrkje	16.00	Gudsteneste	Presentasjon av konfirmantar. Takkofter: Kyrkjelydsarbeidet	"
22.09	Vikebygd kyrkje	11.00	Gudsteneste	Konfirmantpresentasjon og 50-årskonfirmantar. Nattverd, Takkofter: Søndagsskolen (Haugal/sunnh.krets)	Joh 15,9-12
22.09	Vikedal kyrkje	11.00	Gudsteneste	Misjonsgudsteneste, Takkofter: Det Norske Misjonsselskap	"
29.09	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste	Konfirmantjubileum. Felles Ølen og Bjoa, Takkofter: Bildøy bibelskule	Matt 11,16-19
29.09	Skjold kyrkje	16.00	Gudsteneste	Haustattkefest og utdeling av 4-årsbok. Nattverd. Bygdekvinnelaget deltar, Takkofter: Sambolabo	"
06.10	Vats kyrkje	11.00	Gudsteneste	Dåp og nattverd, Takkofter: Arken	Fil 1,20-26
13.10	Vikedal kyrkje	11.00	Familiiegudsteneste	Haustattkegudstjeneste, Utdeling av 4 og 6-årsbok, Takkofter: Kyrkjelydsarbeidet	Mark 1,40-45
13.10	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste	Nattverd, Takkofter: Sjømannskyrkja	Mark 1,40-45
13.10	Ølen kyrkje	17.00	Familiiegudsteneste	Nattverd, Takkofter: Bibelselskapet	"
20.10	Imsland kyrkje	11.00	Gudsteneste	Haustattkegudsteneste og utdeling av 4 og 6-årsbok, Takkofter: Sambolabo	Luk 9,57-62
20.10	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste	Utdeling av 4-årsbok. Søndagsskolen. Kyrjekaffi, Takkofter: Misjonshøgskulen VID	"
20.10	Skjold kyrkje	17.00	Gudsteneste	G-17, Nattverd, Takkofter	"
27.10	Bjoa kyrkje	11.00	Gudsteneste	Nattverd, Takkofter: Norea, mediemisjon	Luk 15,11-32
27.10	Vikebygd kyrkje	11.00	Gudsteneste	Dåp og nattverd, Takkofter: Sjømannskyrkja	"
27.10	Sandeid kyrkje	17.00	Kveldsgudsteneste	Misjonsgudsteneste. Besøk av Svein Helge Bergfjord, Takkofter: Det Norske Misjonsselskap	"

Sjå meir informasjon på: vindafjord.kyrkjer.no

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)

FRÅ KYRKJEBOKA

	Døypte	Vigde	Døde
Bjoa	16.06. Tiril Sunde		10.07.2019 Klara Marie Espenes f. 1939
Ølen	09.06. Johannes Bjørnevik Lothe 09.06. Helene Risøy 23.06. Lucas Samland 23.06. 2019 Erika Kristine Veland	25.05. Ingrid Løland og Oluf Andrè Lunde 10.08. Elisabeth Øvrevik og Daniel F. Frøyland	02.06.2019 Olaug Rui Nerheim f. 1931 16.06.2019 Magnus Hiksdaal Øglænd f. 2002 29.07.2019 Birger Bratland f. 1938 02.08.2019 Øyvind Olsen f. 1948
Sandeid	26.05. Emrik Berge Opheim 26.05. Martin Eide 23.06. Olai Bjelland Rekkedal 23.06. Lovise Berg 28.07. Martine Opheim Lærdal		16.05.2019 Georg Larsen f. 1927 21.05.2019 Hilda Johanna Ihle f. 1931 19.05.2019 Audun Heggebø f. 1925 10.06.2019 Harald Arne Eknes f. 1938
Skjold	09.06. Emilie Vestre Pettersen 09.06. Vilja Stuhauk 09.06. Matilde Apeland Johannessen 23.06. Ådne Johan Gregersen 21.07. Maria Aaserød 11.08. Jonas Ermland 11.08. Marie Håland		15.05.2019 Bernt Skrede f. 1945 19.05.2019 Trond Sigmund Lilleland f. 1952 16.06.2019 Magnus Galland f. 1928 19.07.2019 Magnhild Sørhus f. 1923 07.08.2019 Ragna Oddlaug Eikeland f. 1928
Vats	19.05. Trygve Marvik 02.06. Olai Frøyland 16.06. Sara Lie Kjennerud 07.07. Lucas Emil Nilsen	08.06. Lena Sjurseike og Bjørnar Larsen 20.07. Hanna Elisabeth Nyruud og Peter Øverlie	16.07.2019 Sigfred Magne Nesheim f. 1926 17.07.2019 Eli Johanne Koltveit f. 1929 26.07.2019 Einar Koltveit f. 1926
Vikedal	19.05. Astrid Lærdal 09.06. Rosalie Bakkedal 09.06. Tina Apeland Ørnes 11.08. Trym Grimås 11.08. Lavrans Krokedal 11.08. Brynjar Krokedal	29.06. Ida Marie Andreassen og Fredrik P. Vikdal	06.06. Leif Henry Espevoll f. 1945 08.06. Johannes Øverland f. 1923 02.08. Ola Gjerde f. 1933
Vikebygd	30.06. Dante Gunnar Tveit		04.06. Martha Alne f. 1930

Sandeid bedehus

31.8. laurdag	11:00 Barnevelsignelse
02.9. måndag	19:00 Bønnemøte
02.9. måndag	19:30 Bibeltime v/ Kørner Høie Læresveinar som folk fles
09.9. måndag	19:00 Bønnemøte
16.9. måndag	19:00 Bønnemøte
16.9. måndag	19:30 Fellessamling - Taler Tsegayesus Hurisa
23.9. måndag	19:00 Bønnemøte
30.9. måndag	19:00 Bønnemøte
07.10. måndag	19:00 Bønnemøte
14.10. måndag	19:00 Bønnemøte
14.10. måndag	19:30 Bibeltime v/Kørner Høielæresveinar er nysgjerrige
21.10. måndag	19:00 Bønnemøte
28.10. måndag	19:00 Sangkveld

Bedehusa i Skjold

03.9. tysdag	Ersland: NLM Misjonssamband
10.9. tysdag	Austrheim: Indre Sjømannsmisjon
17.9. tysdag	Isvik: Flymisjonen
24.9. tysdag	Ersland: Samemisjonen
25.9. tysdag	18:00 Ersland: Basar Indre Sjø
01.10. tysdag	Austrheim: Normisjon
08.10. tysdag	Isvik: Indre Sjømannsmisjon
15.10. tysdag	Ersland: BE-gjeng Ev. orientmisjon
22.10. tysdag	Austrheim: NMS Misjonsselskap
29.10. tysdag	Isvik: NLM Misjonssamband
05.11. tysdag	Ersland: Israelsbasar
9-11.11 Lau-Sø-Må	Haraldseidvågen – Elieser 6

Kyrkjetunet i Ølen • www.kyrkjetunet.no

29.08. torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
30.08. fredag	17:00 Vindafjord Soul Kids
03.09. tirsdag	10:00 Kurs i Babysong
04.09. onsdag	19:30 Bønnemøte
05.09. torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
05.09. torsdag	19:00 Møte med Gunnar Hamnøy
6.-8.09. fre-søn	Semesterstart
06.09. fredag	19:30 Credo
07.09. laurdag	12:00 Vindafjord Soul Children
søndag	17:00 Åpningsfest
10.09. tirsdag	10:00 Kurs i Babysong
11.09. onsdag	19:30 Bønnemøte
12.09. torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
12.09. torsdag	19:00 Bibelreisen ved Per Hjemdal
17.09. tirsdag	10:00 Kurs i Babysong
18.09. onsdag	19:00 Bibelreisen ved Per Hjemdal
20.09. torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
20.09. fredag	17:00 Vindafjord Soul Kids
20.09. fredag	19:30 Credo
22.09. søndag	16:00 Kafè og Show it-samling
22.09. søndag	19:30 Møte med Marit Åndnanes (IMS)
24.09. tirsdag	10:00 Kurs i Babysong
24.-29.09.	Møteveke med Steinar Harila
30.09. mandag	19:30 Misjonsforum NMS
01.10. tirsdag	10:00 Kurs i Babysong
01.10. tirsdag	13:00 Internasjonal eldredag
01.10. tirsdag	19:00 Møte i regi av Dypere Liv
02.10. onsdag	19:00 Møte i regi av Dypere Liv
03.10. torsdag	19:00 Inspirasjonssamling Trusopplæring Vindafjord
08.10. tirsdag	10:00 Kurs i Babysong
09.10. onsdag	19:30 Bønnemøte
10.10. torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
15.10. tirsdag	10:00 Kurs i Babysong
16.10. onsdag	19:00 Alpha-kurs
17.10. torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt

18.10. fredag	17:00 Vindafjord Soul Kids
18.10. fredag	19:30 Credo
19.10. laurdag	Vindafjord Soul Children på Stavanger Gathering
22.10. tirsdag	10:00 Kurs i Babysong
23.10. onsdag	18:00 Kristent Fellesutval Ølen og Ølensvåg
23.10. onsdag	19:30 Bønnemøte
24.10. torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
24.10. torsdag	19:00 Fellesforum
25.10. fredag	18:00 Bønnemøte (Fellesskap på tvers)
25.10. fredag	19:30 "Fellesskap på tvers"
27.10. søndag	16:00 Kafè og Show it-samling
30.10. onsdag	19:00 Alpha-kurs

Bedehusa i Vats

04.9. onsdag	19:30 Kårhus: Muslimmisjonen
11.9. onsdag	19:30 Øvre Vats: Indre sjø
18.9. onsdag	19:30 Blikrabygda: Normisjon
19.9. torsdag	18:00 Øvre Vats: Bedehusbasar
22.9. søndag	Kårhus bedehus: Endeleg søndag
25.9. onsdag	19:30 Kårhus: NMS
02.10. onsdag	19:30 Øvre Vats: NLM
03.10. torsdag	19:00 Kårhus: Bedehusbasar
09.10. onsdag	19:30 Blikrabygda: Indre Sjø
13.10. søndag	Kårhus bedehus: Endeleg søndag
23.10. onsdag	19:30 Øvre Vats: NMS
30.10. onsdag	19:30 Blikrabygda: Godt Nytt
10.11. søndag	Kårhus bedehus: Endeleg søndag

Vågen • vaagenbedehusforsamling.no

28.8. onsdag	19:30 Bønnemøte.
30.8. fredag	19:30 Møte. Åpningshelg. Talar: Erik Furnes
31.8. lørdag	11:00 Bibeltime. Åpningshelg. Talar: Erik Furnes
31.8. lørdag	12:15 Temasamling. Åpningshelg. Temasamling om å starte forsamling. Talar: Erik Furnes
31.8. lørdag	17:00 Generasjonssamling. Åpningshelg. Talar: Erik Furnes
01.9. søndag	11:00 Søndagsskule.
01.9. søndag	19:30 Søndagsmøte. Åpningshelg. Talar: Erik Furnes
04.9. onsdag	19:30 Bønnemøte.
04.9. onsdag	20:00 Medlemsmøte om nytt bedehus.
08.9. søndag	11:00 Søndagsmøte. Talar: Eirik Stople
11.9. onsdag	19:30 Bønnemøte.
15.9. søndag	11:00 Søndagsskule.
22.9. søndag	11:00 Søndagsmøte. Talar: Kjell Håland
29.9. søndag	11:00 Søndagsskule.
02.10. onsdag	19:30 Bønnemøte.
06.10. søndag	11:00 Søndagsmøte med dåp. Talar: Sølve Salte
09.10. onsdag	19:30 Bønnemøte.
13.10. søndag	11:00 Søndagsskule.
15.10. tirsdag	19:30 Møte. Møteveke. Talar: Wenche Lunde
16.10. onsdag	19:30 Møte. Møteveke. Talar: Wenche Lunde
17.10. torsdag	19:30 Møte. Møteveke. Talar: Wenche Lunde
18.10. fredag	19:30 Møte. Møteveke. Talar: Wenche Lunde
19.10. lørdag	17:00 Generasjonssamling. Møteveke. Talar: Wenche Lunde
20.10. søndag	11:00 Søndagsmøte. Møteveke. Talar: Wenche Lunde
23.10. onsdag	19:30 Bønnemøte.
27.10. søndag	11:00 Søndagsskule.
30.10. onsdag	19:30 Bønnemøte.

Vikebygd bedehus

29.8. torsdag	19:30 Gladsong
12.9. torsdag	19:30 Møte
26.9. torsdag	19:30 Møte. Orientmisjonen m/BE-gjengen
27.9. fredag	Basar Kvinneforeninga til Normisjon
10.10. torsdag	19:30 Møte
24.10. torsdag	Open Heart. Ukraina. Innsamling av klede mm Sjå plakaten. Ope 12 - 18



Ungdomsalph!

Av: Frode Eike

Har du nokon gong stilt deg dei STORE spørsmåla; Kva er meininga med livet? Kan det finnast ein Gud? Kva skjer når me dør? Korleis kan eg tru?

På ungdomsalph er det rom for ALLE spørsmål, det er uformelt og du kan delta i samtalen så mykje el-

ler så lite du vil. Undervisninga vert gjennom filmavsnitt på ca. 20 minutt, den er retta mot deg som er ung og stiller spørsmåla mange er opptekne av! Mat og sosialt høyrer med!

Ungdomsalph startar med introduksjonskveld torsdag 26.sept kl.19.00 – 20.30. på Kårhus bedehus, Vats! Du vil få sjå og høyre

meir kva ungdomsalph er denne kvelden. Gjennom haust- og vårsemesteret vert det til saman ti samlingar. Tenåringar frå alle bygder er velkommen!

Arr. ARKEN (det nye bedehuset/soknehuset i Vats).

Følg med på Instagram: ungdomsalph.arken

Nytt Alpha-kurs i Ølen/Vågen

Av: John Birger Wold

Hausten 2019 vil det bli nytt Alpha-kurs i Ølen/Vågen etter to særers vellukka kurs dei føregåande vintrane. Dette er eit samarbeid mellom Kyrkjjetunet og soknerådet. Det er ikkje berre for folk som bur i Ølen/Vågen, men for alle som vil uavhengig av kor du bur! Oppstart for kurset blir onsdag 16. Oktober, og påmelding til kurset kan gjerast til: John Birger Wold, tlf. 98286813, eller Ove Eidsheim, tlf. 97161659.

Ein typisk kurskveld vil vera eit måltid, undervisning og song, gruppesamtalar. Og gruppene er dei same heile tida. Det er derfor det er viktig med påmelding slik at det er mulig å setja saman grupper. Du skal få bli kjent med dei i di gruppe og forhåpentleg vil det bli mange gode relasjonar ut av det. Det var mange gode tilbakemeldingar om det frå dei tidlegare kursa. I gruppa blir det samtale om det som har vore undervist i – og det er høve til å dela tvil og tru. Den «røde tråden» gjennom heile kurset vil vera JESUS.

Kurset er for deg som trur og som vil noko meir, og det er for deg som tvilar og lurar på ein del ting, og det er for deg som endå ikkje trur, men er spørjande til noko – eller mykje – av det som har med kristendommen å gjera! Uansett bakgrunn er du velkommen til å vera med. Om du lurar på noko meir kan det vera lurt å snakka med nokon som har gått før, eller med nokon av leiarane.

Uansett: meld deg på!

Du kan finna meir informasjon på heimesida til Alpha: alpha-kurs.no

Andaktstelefonen
380 91700
 Åpent bele døgnet!
 Ny andakt tirsdag og fredag

Korleis har du det... EIGENTLEG?
 Eit menneske å snakke med
 når livet er som verst
 SOS-Chat: www.soschat.no
 SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen
 kjem ut 24. oktober
 Frist for levering av stoff er
 28. september